



Saksbehandlar: Statens vegvesen  
Sak nr.: 16/792-1

**Fylkesbudsjett 2016 – Fordeling av planleggingsmidlar fylkesveg**  
**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

1. Planleggingsmidlar for 2016 vert fordele slik (1000 kr):

Kystvegen - utgreiing	470
Fv. 601 Måløy - Vågsvåg	-124
Fv. 53 Holsbru	-250
Fv. 61 Naveosen - Solibakke	500
Fv. 607 Heggebø - Leirvik	100
Fv. 609 Halbrendsøyra	-277
Fv. 60 Hildestranda – Innvik	250
Fv. 608 Kryss Straumsnesbrua	-251
Planlegging fv. diverse mindre tiltak	308
Fv. 633 Kleiva	-256
Fv. 722 Flovegen	300
Fv. 53 Ljoteli	280
Fv. 609 Heilevang	150
Fv 616 Davikstranda	300

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

Andre dokument som ikke ligg ved:

FT-sak 46/2013 Regional transportplan 2014-2017(23)

FT-sak 19/2014 Planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt i Sogn og Fjordane for perioden 2015-2017

FT-sak 47/2014 Skredsikring fv. 722 Flovegen – val av alternativ

HS-sak 61/2014 Kystvegen – utgreiingar og planprosess

FT-sak 68/2015 Budsjett 2016/Økonomiplan 2017-19

HS-sak 1/2015 Fylkesbudsjett 2015 – Fordeling av planleggingsmidlar fylkesveg

FT-sak 38/15 Tertiarrapport 2/15

FT-sak 52/2015 Sikring av fv. 633 ved Kleiva

**SAKSFRAMSTILLING**

## **1. Bakgrunn for saka**

### Grunnen for at saka er fremja

I budsjett for 2016 har fylkestinget løyvd 1,5 mill. kr til planlegging av fylkesvegprosjekt. Innanfor desse midlane skal vi finansiere all planlegging etter Plan- og bygningslova etter ei slik framdrift at prosjekta er klare til å starte når dei ligg an til å få prosjektløyving. Kostnader med prosjektering og grunneverv skal i utgangspunktet dekkast innanfor prosjektløyvinga. I denne saka vil vi hovudsakleg omtale behov for planlegging i 2016 og framlegg til fordeling av dei løyvde midlane.

### Historikk - tidlegare vedtak

Hovudutvalet for samferdsle handsama fordeling av planleggingsmidlar for 2015 i HS-sak 1/2015.

I desember 2013 behandla fylkestinget FT-sak 46/2013 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023. Regional transportplan legg føringar for kva prosjekt som skal planleggast framover.

Fylkestinget handsama planleggingsprogram for perioden 2015-2017 i FT-sak 19/2014. Dette planleggingsprogrammet er å sjå på som eit handlingsprogram for planlegging.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

VI føreset at samla mindreforbruk på planlegging på 1,36 mill. kr frå 2015 vert overført til 2016. Dette gir følgjande ramme for planleggingsmidlar i 2016:

Løyving 2016	1,500 mill. kr
+ overførte midlar frå 2015:	1,360 mill. kr
Til disposisjon 2016	2,860 mill. kr

I saka har vi lagt til grunn prioriteringane i Regional transportplan for perioden 2014-2017(23) og planleggingsprogrammet, samt status på igangsette planprosjekt og eventuelle behov for å justere løyingane til desse.

Løyvinga til planlegging i 2016 er lågare enn dei siste åra. Vi legg difor opp til å fullføre planarbeid som anten har kome langt, eller som kan vera aktuelle for startløyving i løpet av få år. Dei fleste prosjekta som vert planlagde står på marginallista i handlingsprogrammet, og er følgjeleg ikkje prioriterte i gjeldande budsjett og økonomiplan. Redusert framdrift på enkeltprosjekt er følgjeleg ikkje kritisk i høve byggestart. For nokre prosjekt er det føreslege å avslutte planarbeid som er sett i gang. Dette gjer vi fordi vi reknar det som lite sannsynleg at det blir løyvd midlar til gjennomføring av tiltaka i denne planperioden.

Vi finn ikkje rom for å starte på nye planleggingsoppgåver innanfor ramma.

### Framlegg til fordeling av planmidlar for 2016

Statens vegvesen tilrår at planmidlane for 2016 vert fordelt slik det er synt i kolonna «Fordeling 2016»:

Tal i 1000 kr

Navn	Kommune	Til disp 2015	Forbruk 2015	Overført frå 2015	Løyving 2016	Behov 2016	Fordeling 2016	Til disp 2016
<b>ANDRE KOSTNADER - PLANLEGGINGSMIDLAR</b>		9 693						
<b>Planleggingsmidlar 2016 ufordelt</b>		0			1 500		0	
<b>Store prosjekt</b>								
Kystvegen - utgreiing	kystkommunane	500	466	34	0	1 100	470	504
Forprosjekt bru over Ytre Steinsund	Solund	1 000	0	1 000	0	0	0	1 000
Fv. 13 Rørvikfjellet	Førde/Gaular				0	0	0	0
Fv. 616 Svelgen - Indrehus	Bremanger				0	2 000	0	0
<b>Mindre utbetringar</b>								
Fv. 302 Midtun – Åbøle	Årdal	38	8	30	0	20	0	30
Fv. 601 Måløy - Vågsvåg	Vågsøy	124	0	124	0	0	-124	0
Fv. 53 Holsbru	Årdal	298	0	298	0	510	-250	48
Fv. 61 Naveosen - Sollibakke	Vågsøy	614	612	2	0	600	500	502
Fv. 31 Daløy ferjekai	Solund	954	1 530	-576	0	0	0	-576
Fv. 606 Dumbesvingane	Solund				0	0	0	0
<b>Gang- sykkelvegar</b>								
Fv. 607 Heggebø – Leirvik	Hyllestad	415	328	87	0	250	100	187
Fv. 609 Halbrendsøyra	Førde	927	650	277	0	0	-277	0
Fv 484 Viebруa - Prestefoss bru	Førde	1 299	1 306	-7	0	0	0	-7
Fv. 60 Hildestranda – Innvik	Stryn	130	363	-233	0	60	250	17
<b>Trafikktryggingstiltak</b>								
Fv. 608 Kryss Straumsnesbru	Askvoll	251	0	251	0	400	-251	0
<b>Miljø- og servicetiltak/kollektivtrafikktiltak</b>								
Planlegging fv. diverse mindre tiltak		200	458	-258	0	200	308	50
<b>Rassikring</b>								
Fv. 633 Kleiva	Selje	486	230	256	0	0	-256	0
Fv. 722 Flovegen	Stryn	1 421	1 157	264	0	700	300	564
Fv. 53 Ljoteli	Årdal	199	168	31	0	410	280	311
Fv.609 Heilevang	Askvoll	437	565	-128	0	0	150	22
Fv 616 Davikstranda	Bremanger	200	339	-139	0	200	300	161
Planlegging mindre skredsikringstiltak		200	153	47	0	200	0	47
<b>Sum planlegging</b>		9 693	8 333	1 360	1 500	6 650	1 500	2 860

### Prosjektomtale – igangsette planprosjekt

#### *Utgreiing Kystvegen*

I HS-sak 61/2014 handsama samferdsleutvalet sak om utgreiingar og planprosess for Kystvegen. Utgreiinga skal vera ferdig i løpet av hausten 2016.

Totalt reknar vi med at kostnaden med utgreiinga vil bli ca. 1,5 – 2 mill. kr. I grunnlaget for HS-sak 61/2014 føresette vi ei kostnadsfordeling mellom planmidlar og sams vegadministrasjon. I HS-sak 1/2015 vart det lagt til grunn 1 mill. kr i planleggingsmidlar, fordelt med 0,5 mill. kr i 2015 og 0,5 mill. kr i 2016. Resterande kostnad blir dekkja av sams vegadministrasjon.

#### *Forprosjekt Ytre Steinsund*

I FT-sak 38/2015 Tertiaillrapport 2/15 vart det løvd 1 mill. kr under planleggingsmidlar til eit forprosjekt for å få vurdert nye løysingar ut frå dagens krav og få oppdaterte kostnader ut frå nye løysingar for ei bru over Ytre Steinsund. Vi vil truleg trenge meir midlar til dette arbeidet. Det må vi koma attende til seinare.

#### *Fv. 302 Midtun – Åbøle*

Tekniske løysingar er vurderte, og det syner seg at dette vil vera eit omfattande og kostbart prosjekt å bygge. Arbeidet som er gjort til no vil bli samanfatta i eit sluttnotat slik at vi kan ta opp att arbeidet seinare, og vi får eit grunnlag for kostnadsvurdering til rullering av Regional transportplan.

#### *Fv. 601 Måløy – Vågsvåg*

Vi har laga utgreiing og gjennomført ts-inspeksjon av strekninga. Det kan vera aktuelt å planlegge/prosjektere mindre tiltak på strekninga seinare. Vi finn ikkje rom for å sette av midlar til dette no.

*Fv. 53 Holsbru – omlegging av veglinje*

Planarbeidet er i ein startfase. Vi føreslår å stanse dette arbeidet og ta det opp att neste år dersom løvingane gir rom for det.

*Fv. 61 Naveosen – Sollibakke*

Arbeidet med reguleringsplan er kome godt i gang. Vi legg opp til å fullføre denne i 2016.

*Fv. 606 Daløy ferjekai*

Prosjektet har fått løving i 2016, og treng ikkje meir planmidlar. Meirforbruk i 2015 må dekkast av prosjektløvinga.

*Fv. 607 Heggebø – Leirvik*

Det vart sett av midlar til å gjere ferdig reguleringsplan i 2015. Det står att å gjera ferdig plandokumenta og sende dei på høyring.

*Fv. 609 Halbrendsøyra*

Arbeid med reguleringsplan er i gang saman med plan for utbetring av kryss mellom E39 og fv. 609. Mindreforbruk frå 2015 blir trekt inn. Resterande planlegging blir finansiert av Førdepakken.

*Fv. 484 Viebrua – Prestefoss bru*

Arbeid med reguleringsplan er i gang. Vi legg til grunn at planen vert godkjent sommaren 2016, og at det blir byggestart i 2017. Resterande planlegging blir finansiert av Førdepakken.

*Fv. 60 Hildestranda – Innvik*

Reguleringsplanen er nesten ferdig. Det er behov for midlar til å dekke meirforbruk i 2015 og slutføre planhandsaminga.

*Fv. 608 Kryss Straumsnesbrua*

Dette er eit trafikktryggingstiltak som står på uprioriterd marginalliste over trafikktryggingstiltak. Planarbeidet kom ikkje i gang i 2015. Det kan vera mogleg å gjera mindre tiltak for å betre sikt i krysset.

*Fv. 633 Kleiva*

I FT-sak 52/2015 Sikring av fv. 633 ved Kleiva vart det bestemt at tiltaket skal finansierast som skredsikringstiltak og prioriterast før fv. 722 Flovegen. Det skal byggast tunnel. Midlar til prosjektering og planarbeid vert dekt av løying til ufordelte mindre investeringstiltak i 2016, mindreforbruk av planmidlar på planposten frå 2015 vert difor trekt inn.

*Fv. 722 Flovegen*

Rassikring av fv. 722 til Flo er det neste store rassikringsprosjektet som er prioritert etter det som no blir gjennomført på fv. 337 til Veitastrond og på fv. 633 Kleiva. Fylkestinget har tidlegare handsama sak om kva omfang av rassikring vi skal legge til grunn, samt kostnad, i FT-sak 47/2014. Vi legg til grunn at reguleringsplanen vert vedteken hausten 2016. Den føreslegne løvinga til planlegging av prosjektet er noko lågare enn det vi meiner er behovet.

*Fv. 53 Ljoteli*

Prosjektet er på 4. plass på prioriteringslista for skredsikring. Hovudutval for samferdsle behandla løysing for prosjektet i HS-sak 35/2013. Hovudutvalet vedtok at før vidare planlegging må det greiest ut tunnel med både 5 % og 8 % stigning. Arbeid med forprosjekt for dette er i gang. I planleggingsprogram for perioden 2014-2017 er det føresett at vi skal lage reguleringsplan i 2016-2017. Vi føreslår å fullføre forprosjektet, men venter med reguleringsplan, då bygging vil vera nokre år fram i tid.

*Fv. 609 Heilevang*

Prosjektet er på sjetteplass på prioriteringslista for skredsikring. Forprosjekt for aktuelle tiltak blir fullført våren 2016.

*Fv 616 Davikstranda*

Prosjektet ligg på åttande plass på prioriteringslista for skredsikring. Det var sett av midlar til å avklare og prosjektere tiltak. Det er behov for noko meir midlar for å fullføre dette arbeidet.

#### *Planlegging mindre tiltak*

I 2015 hadde vi midlar til planlegging av diverse mindre tiltak. Dette var mellom anna nytta til forprosjekt skredsikring fv. 92 Arnafjorden. Det er lite rom for slik løvning i 2016. Meirforbruk frå 2015 blir dekkja inn. Det same gjeld løvning til planlegging av mindre skredsikringstiltak.

#### Aktuelle nye planprosjekt

I vedteke planleggingsprogram (FT-sak 19/2014 Planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt i Sogn og Fjordane for perioden 2015-2017) er det lagt til grunn at vi skal lage forprosjekt for fv. 13 Rørvikfjellet og fv. 606 Dumbesvingane i 2016, som grunnlag for RTP 2018-2027. Vidare er det står det oppstart av reguleringsplan for fv. 616 Svelgen – Indrehus.

#### *Fv. 13 Rørvikfjellet*

Fv. 13 Rørvikfjellet ligg på 9. plass på vedteken marginalliste for store investeringsprosjekt i RTP 2014-17(23). Det er ikkje spesifisert tiltak eller kostnadsramme. Det har tidlegare kome ønske om tunnel under fjellet. Det er godkjent reguleringsplan for utbetring av vegen frå Rørvikfloten til skytebana på Holsen-sida av fjellet. I planleggingsprogrammet er det føresett at vi skal lage ei utgreiing som oppsummerer aktuelle alternativ (tunnel eller utbetring), inkludert oppdaterte kostnadsoverslag, som grunnlag for innspeil til neste RTP. Dette må gjennomførast i 2016. Utgreiinga kan gjennomførast som del av sams vegadministrasjon.

#### *Fv. 606 Dumbesvingane*

Solund kommune ønsker utbetring av ei strekning på om lag 500 meter på fv. 606 i Dumbesvingane med grunngjeving i behov for trafikktrygging. Møteplassar kan vera aktuelt. Tiltaket står på uprioritert plass i vedteken marginalliste for utbetring av fylkesvegar i gjeldande RTP 2014-17(23). I planleggingsprogrammet er det føresett at vi skal lage eit forprosjekt for å kartlegge tiltak og kostnad for eventuell prioritering i neste RTP. Dette kan gjerast i 2016 innanfor sams vegadministrasjon.

#### *Fv. 616 Svelgen – Indrehus*

Bremanger kommune har laga og vedteke kommunedelplan for ny veg på strekninga mellom Svelgen og Indrehus. Dette medfører innkorting av strekninga på om lag 7 km. Strekninga er prioritert på 1. plass på marginalliste for store investeringsprosjekt i RTP 2014-17(23).

Prosjektet er ein del av Kystvegen og 45-minuttsregionen som kommunane Vågsøy, Bremanger og Flora ønsker å realisere for å korte inn reisetida mellom kommunenesentra. Det er sett i gang eit utgreiingsarbeid for Kystvegen. Dette er venta sluttført i løpet av hausten 2016.01.06

Då løvninga til planlegging for fylkesvegar er låg, finn vi ikkje rom for å starte planlegging av dette prosjektet i 2016. Behovet for planmidlar til så store prosjekt er oftast i storleiken 4-5 mill. kr.

### **3. Konklusjon**

Statens vegvesen rår til at planmidlar for 2016 vert fordelt på prosjekt slik det går fram av tabellen i punkt 2 i denne saka.

Fylkesdirektøren er samd i tilrådinga frå Statens vegvesen.

**... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑**